

Vest Næringsråd meiner at politikarane må venta med å legge arealplanen ut på høyring

Fredag morgon var ressursgruppe Utvikling i Vest Næringsråd samla til møte om det nye forslaget til kommuneplan. Der kom det fram stor bekymring.

Omfanget av endringane er store, og lokalpolitikarane i Øygarden har berre sju dagar på å setja seg inn i planforslaget som er lagt fram frå administrasjonen. Planarbeidet har så langt tatt tre år. Det har vore grundig arbeid med god medverknad frå politikarar, næringsliv og innbyggjarar, men det er først no dei avgjerande politiske vedtaka skal gjerast. Når planen først vert lagt ut til offentleg ettersyn, vert moglegheita til å gjere endringar i plankartet og tilhøyrande plandokument, kraftig redusert.

Derfor må vi dra i nødbremsa no.

Dette er den viktigaste planen kommunen vedtek for utviklinga av lokalsamfunnet. Då må vi ta oss tid. Det hastar ikkje så mykje at vi må risikera å fatta avgjerder som får uønskte konsekvensar i fleire tiår framover.

Ressursgruppa i Vest Næringsråd meiner blant anna at det er dramatisk at areal til næringsverksemd er redusert med meir enn 40 prosent. Samstundes meiner gruppa at det manglar vurderingar for fleire av desse foreslåtte endringane. Det gjeld til dømes endringar i areal som ikkje er omtalt i planskildringa eller planvasken, men som ein må inn på kvart enkelt næringsområde for å avdekke.

Vest Næringsråd fryktar at dette kan svekkja kommunen sine moglegheiter til å leggja til rette for nye arbeidsplassar og vidare vekst i eksisterande verksemdar. Fleire av bedriftene som er representerte i ressursgruppa uttrykkjer uro for at dei ikkje ser realistiske vekstmoglegheiter dersom planforslaget blir vedteke slik det ligg føre. I verste fall kan resultatet bli flytting frå kommunen.

Vi har også sett andre område enn areal til næringsverksemd, kor areala er redusert utan spesiell omtale i planskildring eller planvask. Det gjeld til dømes bustadformål i sentrale strøk, kor areala er innsnevra til dagens bustadar. Det verkar ikkje å vera i tråd med målet om fortetting i allereie utbygde område. Klarar lokalpolitikarane å få oversikt over alle slike endringar, og om desse er i tråd med intensjonane deira, på den korte tida som er lagt opp til fram mot høyringsvedtak?

Eit anna døme er føresegnene til planen. Vest Næringsråd har i tidlegare fasar av planarbeidet spelt inn kor viktig det er å ta seg tid til arbeidet med desse, også politisk. Det er først når desse er lagt fram, at vi kan sjå dei praktiske konsekvensane av strategiane som er lagt tidlegare i planarbeidet. Det handlar om å ta seg tid til å sikre at

føresegnene ikkje hindrar gjennomføring. At det ikkje blir for stort gap mellom opplevde mål og strategiar, og det som faktisk blir vedtatt og bindande.

Å bruka meir tid i denne fasen handlar ikkje om å stoppa planarbeidet, men å sikra at vi får ein kommuneplan som er godt forankra og som legg til rette for framtidig vekst og verdiskaping.

Vest Næringsråd ber difor kommunepolitikarane om å ta seg tid, slik at næringsareal, vekstmoglegheiter og dei langsiktige konsekvensane kan vurderast og verte forankra grundigare hos folkevalde, næringsliv og innbyggjarar før planen vert lagt på høyring.

Straume, 11.09.26

Kari-Anne Landro
Vest Næringsråd
Tlf. 99245694

Arild Bøthun
Sartor & Drange
Tlf. 41511104

Astrid Aag
Sartor Holding
Tlf. 48245158

Jan-Dagfinn Lund
CCB
Tlf. 99265227

Svein Arve Forland
Telavåg fiskeoppdrett
Tlf. 91606995

Jan Arthur Nilssen
Liegruppen
Tlf. 95886087

Vibeke Frøyseth
Harris
Tlf. 90152276